



Ann Kristin Mangerøy  
Solendvegen 53  
5936 Manger

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/4499 - 23/58609

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
14.07.2023

## **Endring av jordlovsvedtak av 14.06.2023 gjeldande for gbnr. 460/13 Halland i Alver**

**Administrativt vedtak: Saknr: 769/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forvaltningslova § 33 2.ledd gjer Alver kommune om vedtaket om å dele gnr. 460, bnr. 13. Dette etter at vedtaket har vore klaga på.

### **Nytt vedtak vert slik:**

I medhald av jordlova § 12 vert gnr. 460, bnr. 13 delt slik at heile vatnet vert overført til nabobruk saman med fast grunn på nordaustsida av vatnet. Del av gnr. 460, bnr. 1 som vart godkjent frådelt 14.06.2023 står framleis ved lag.

### **Vedtaket er gjeve på fylgjande vilkår:**

Grensa langs sørvestsida av vatnet må fastsetjast under kartforretninga, men på ein slik måte at beitedyr frå vest (gnr. 460, bnr.1) ikkje vert hindra tilkomst for å drikke av vatnet. Det er ein føresetnad at arealet vert overført til gnr. 460, bnr. 6.

### **Saka gjeld**

Jan Tore Hvidsten og Ann Kristin Mangerøy søkte om å få dele i frå delar av gnr. 460, bnr. 1 og 13. Alver kommune, landbruk gjorde 14.06.23 vedtak etter jordlova § 12 i saka der parten som var søkt delt i frå bnr. 1 vart komen i møte. I tillegg ynskjer sækjarane å overdra bnr. 13 til nabobruket som òg skal kjøpe den frådelte parsellen frå bnr. 1. Bnr. 13 inneheld eit vatn og noko land på kvar side av dette. Alver kommune, landbruk vurderer dette arealet til å høyre til bnr. 1 – altså som ei driftseining. Kommunen ga òg løyve til at delen aust for vatnet som gjeld bnr. 13, avgrensa ned til den austlege strandlina, òg kunne fylgje med i delinga.

Dette har vorte påklaga og sækjar har kome med eit framlegg til løysing der ny eigedoms-grense går midt i vatnet i staden for å fylgje den austlege strandlina. Samstundes er det gjeve munnleg melding om at sækjar framleis ynskjer å selje heile bnr. 13 eller i alle fall heile vatnet og austover. Det er dette det nye vedtaket gjeld.

### **VURDERING:**

Klagen er komen kommunen i hende innan fristen.

I klagen av 26.06.23 foreslår Hvidsten at grensa mellom gnr. 460, bnr. 1 og gnr. 460, bnr. 6 (eigedomen som skal overta parsellen) vert sett midt i elva/vatnet uavhengig av vasstand. Resterande del av bnr. 13 vert ført attende til bnr. 1. Samstundes underbyggjer setninga i klagen «*Dersom det ikkje kan godtakast at 460/13 kan følgja med overdragelsen kjem vi med følgjande framlegg til endring:*» at klagar ynskjer at heile bnr. 13, eller i det minste heile vatnet tilhøyrande bnr. 13, vert overført til bnr. 6.



Fig. 1. Gnr. 460, bnr. 13 ligg i dag klemt inne mellom gnr. 460, bnr. 1. Del av gnr. 460, bnr. 1 som er godkjent frådelt, skal førast over til gnr. 460, bnr. 6. Del av gnr. 460, bnr. 13 skal òg førast over til gnr. 460, bnr. 6, men ikkje fast land mot sørvest. Dette må framleis høyre til gnr. 460, bnr. 1 for å sikre beitedyr tilkomst til vatnet.

I vår tidlegare vurdering av saka, la vi vekt på at søknaden gjaldt tilgong til beite for bnr. 6. Kommunen meinte då at det var tilstrekkeleg at bnr. 6 eig ned til vatnet og gav løyve til slik frådeling. Vi har no oppfatta det slik at det er viktig for Hvidsten at vatnet fylgjer med over til bnr. 6. I høve intensjonane i jordlova, kan ikkje kommunen sjå at det har så stor innverknad landbruksinteressene om vatnet føl med i parsellen som skal førast over til bnr. 3. Det som er viktig er at eventuelt framtidig drift med dyr på bnr. 1, er sikra tilkomst ned til vatnet frå vestsida. Vi ha difor ikkje noko i mot at grensdraginga vert i strandlina på vestsida av vatnet.

#### **Konklusjon:**

Alver kommune, landbruk godkjenner at bnr. 13 vert delt slik ny grense går i strandlina på vestsida av vatnet. Det vil sei at heile vatnet fylgjer med det arealet som bnr. 6 skal overta.

#### **Regelverk**

Forvaltningslova  
Jordlova

